




REGIONALE  
FORSKINGSFOND  

---

VESTLAND



# ÅRS RAPPORT ORT



# 2021



## Innhald

Innleiing .....	3
Mål og prioriteringar .....	3
Styremedlemer.....	4
Fondsstyret sitt arbeid .....	4
Mobilisering og kommunikasjon .....	5
Utlysingar og tildelingar av forskingsmidlar .....	6
Resultatrapportering .....	8
Økonomi .....	8
Vedlegg 1: Oversikt over innvilga forprosjekt i 2021.....	9
Vedlegg 2: Oversikt over innvilga hovudprosjekt i 2021.....	10

## Innleiing

Regionalt forskingsfond Vestland (RFF Vestland) er eit av elleve regionale forskingsfond i Noreg. Fondsregionane følgjer fylkesgrensene, og RFF Vestland støttar forskning som bidreg til innovasjon og verdiskaping i Vestland fylke.

Også i 2021 opplevde fondet stor interesse for utlysingane, og det kom fleire søknader om forprosjektmidlar enn året før. For fondet er det eit tydeleg signal om at RFF Vestlandet spelar ei viktig rolle for finansiering av forskingsprosjekt i startfasen.

Utviklinga av prosjektporteføljen i 2021 var god. Det vart starta opp 25 forprosjekt med støtte frå fondet og gitt støtte til fem nye hovudprosjekt. Hovudtyngda av prosjekta var retta mot nye klimatiltak, betre energiløysingar og meir berekraftig ressursforvaltning i privat eller kommunal sektor.

Fondet fekk mange søknader frå bedrifter og forskingsorganisasjonar, men skulle gjerne hatt fleire frå kommunal sektor.




Foto: SINTEF Ocean/Eric Lithun

### Kan vi fly inn i framtida med båt?

Det trur selskapet Efly AS, som utviklar eit elektrisk sjøfly forma som ein båt. Flyet blir batteridrive, tar ni passasjerar og får landingshjul, slik at det kan lette og lande på både sjø og land.

Med forprosjektmidlar frå RFF Vestland har Efly testa ein modell av flyet i skala 1:5 i SINTEF Ocean sin 260 meter lange forskningstank.

Målet med forsøka har vore å finne fram til optimal utforming av skroget, slik at ein mellom anna kan lette med minst mogleg kraft og med minst mogleg sjøsprøyt.

Forskningsrådet har no gitt 16 millionar kroner til utvikling av ein fullskala prototype av flyet, som etter planen skal på vingane i løpet av tre år.

Så om ikkje lenge kan vi kanskje fly utsleppslaust frå Flesland og lande i Geirangerfjorden ein knapp time seinare?

Ved utgangen av året var det 27 aktive forprosjekt og 14 aktive hovudprosjekt.

Det er elles grunn til å følgje nøye utviklinga i den økonomiske situasjonen til dei regionale forskingsfonda. Budsjettveksten mange forventa i kjølvatnet av regionreforma, er ikkje realisert. I staden vart den statlege løyvinga til fonda redusert i 2021, og kutta ytterlegare for 2022. Redusert økonomisk kapasitet kan svekke både handlingsrommet for dei regionale forskingsfonda og interessa for støtteordningane deira. På sikt kan det svekke det fylkeskommunale nivået i forskings- og utviklingssystemet.

## Mål og prioriteringar

Ordninga med regionale forskingsfond er oppretta av Stortinget. Mål og rammer for dei regionale forskingsfonda er definerte gjennom [ei eiga forskrift frå Kunnskapsdepartementet frå 2019](#).

### Formålet med dei regionale forskingsfonda

I § 2 i Forskrift om regionale forskingsfond frå Kunnskapsdepartementet heiter det mellom anna at fonda skal:

- Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling
- Auke FoU-innsatsen i regionane
- Bidra til auka forskingskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane
- Arbeide for tett samspel mellom regionale aktivitetar og nasjonale og internasjonale program og aktivitetar.

Innanfor ramma av forskrifta gjev fylkestinga i dei ulike fondsregionane nærare føringar for verksemda i fonda.

Mål og prioriteringar for RFF Vestland for 2021 følgjer av vedtak i Hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune 13. februar 2020.

### Hovudmål for arbeidet i 2021

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor følgjande prioriterte satsingsområde:

- Berekraftig vediskaping i næringsliv og offentlig sektor
- Gode klima- og miljøløysingar
- Evne til innovasjon og omstilling

### Prioriterte forskningstema i 2021

RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte satsingsområde for Vestland mobilisere til og finansiere forskning innanfor følgjande tema:

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gjev lågt klimaavtrykk
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

## Styremedlemer

[Styret for RFF Vestland](#) for perioden 2020-2023 vart oppnemnt i Fylkesutvalet 30. januar 2020. Styret har sju medlemmer; tre politisk oppnemnte og fire eksterne.

### Styremedlemer

Fylkesordførar Jon Askeland (styreleiar)  
 Tor Andre Ljosland (nestleiar), folkevald  
 Jana Midelfart Hoff, folkevald  
 Ole Gunnar Søgner, Høgskulen på Vestlandet  
 Stein Harald Hjeltnes, Njøs frukt- og bærsenter  
 Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen  
 Kristin Kopperud Timberlid, Innovasjon Norge  
 Observatør Merete Lunde/Rigmor Fardal, Forskningsrådet

## Fondsstyret sitt arbeid

Fondsstyret hadde fire møte i 2021. Styret er opptatt av at fondet skal rekruttere nye bedrifter og kommunale aktørar til å ta i bruk forskning som middel til innovasjon. Difor har utlysing av forprosjekt stått sentralt i styrearbeidet, og kvart styremøte har gjort vedtak om tildeling av midlar til innleiande forskingsarbeid.

Styret har også engasjert seg i utviklinga av ein regional forskingspolitikk gjennom medverknad til [Temaplan forskning](#) for Vestland fylke.

Vidareutvikling av samspelet mellom *mobilisering til forskning og finansiering av forskning* har stått høgt på agendaen for fondsstyret i 2021. Det er utvikla ein integrert styringsmodell, der styret for RFF Vestland også får ansvar for FORREGION Vestland.

Som tidlegare år har fondet lagt vekt på å samordne aktivitetane i fondet med nasjonale og internasjonale forskingsprogram og aktivitetar. Det er også arbeidd aktivt for å koordinere verksemda i RFF Vestland med fylkeskommunen sine utviklingsmidlar og med støtteordningane til Innovasjon Norge.

Styret har lagt til rette for tett samarbeid med Forskningsrådet og har bidrege til å sikre kvalitet i alle ledd i fondet sitt arbeid; frå utlysing via vedtak om tildeling til oppfølging av prosjekt.

### Frå forprosjekt til hovudprosjekt

I 2021 fekk Svanøy Havbruk 500 000 i forprosjektmidlar frå RFF Vestland for å sjå om det er mogleg å drive oppdrett av regnbogeaure til matfisk og samtidig produsere rogn til konsum. Det kan gi auka verdiskaping i oppdrettsnæringa – «dobbel utbytte per fisk» – og dessutan gi auka berekraft fordi ein nyttar meir av råvara.

Forprosjektet viste at ein slik kombinasjon er mogleg, men i dag krev slik produksjon at fisken er minst to år i sjøen. Det gjev utfordringar i form av auka lusepåsleg, sjukdomsrisiko og lang produksjonstid.

I 2021 søkte Svanøy Havbruk to millionar i hovudprosjektmidlar og fekk støtte frå RFF Vestland for å finne ut om ein kan korte ned produksjonstida. Målet er hurtig produksjon av stor smolt og produksjon av kaviar etter berre eitt år i sjøen, samtidig som ein opprettheld god kvalitet på fiskekjøtet. Matforskningsinstituttet Nofima er ansvarleg forskingsinstitusjon i prosjektet.

Foto: Svanøy Havbruk



## Mobilisering og kommunikasjon

Det er eit viktig mål for RFF Vestland å mobilisere fleire bedrifter og kommunar i regionen til å ta i bruk forskning som verktøy for innovasjon, utvikling og verdiskaping.

Under koronapandemien har digitale prosjektverkstader vore eit viktig mobiliseringstiltak for fondet. I 2021 arrangerte RFF Vestland to slike prosjektverkstader i samarbeid med Forskringsrådet og FORREGION Vestland (sjå faktaboks).

Her har til saman 70 deltakarar frå kommunal sektor, næringsliv og akademia fått informasjon om støtteordningane til fondet, kurs i søknadsskriving og tilbod om 1:1-rettleiing i ettertid.

Kommunikasjonsarbeidet i fondet skal mellom anna bidra til at RFF Vestland får flest moglege relevante og gode søknader og til brei formidling av resultatane frå forskinga fondet støttar.

I 2021 vart det publisert 39 vitenskaplege og andre faglege publikasjonar frå forskingsprosjekt støtta av RFF Vestland. Aktiv kommunikasjonsverksemd har bidrege til oppslag i media i samband med utlysing og tildeling av midlar, mens fondet i 2021 ikkje har hatt ressursar til å prioritere populærvitenskapleg formidling på linje med tidlegare år.

Det er ein klar ambisjon for RFF Vestland at støtte frå fondet skal fungere som eit springbrett til andre støtteordningar og som ein motivasjon til å halde fram med forskingsdriven innovasjon. Gjennom ulike informasjonstiltak har RFF Vestland i 2021 lagt vekt på å mobilisere til bruk av mellom anna Skattefunn, Forskringsrådet sine støtteordningar og EU-programmet Horisont Europa, som er verdas største forskings- og innovasjonsprogram.

Av ni støttemottakarar som fullførte hovudprosjekt i 2021, varsla eit fleirtal at dei ville vidareføre forskinga og søke midlar frå nye ordningar. Fem ville søke støtte frå Forskringsrådet og to frå EU-program. For fondet er det også gledeleg å sjå at fire av desse

### Er karbonnegative møbel moglege?

Ifølgje forprosjektet møbelprodusenten Huug Home fullførte i 2021 med støtte frå RFF Vestland, er svaret ja. Truleg let det seg gjere å lage eit møbel som gjennom livssyklusen lagrar meir karbon enn det slepp ut, som tilfører kretslopet meir energi enn det tar ut, og som heller ikkje skadar det biologiske mangfaldet.

Forskinga viser at ein del føresetnader må vere på plass. Både hogstmetode, reiseveg for trevirke og produkt, val av emballasje og utnytting av restråstoff frå hogst og sagbruk, spelar inn på karbon- og energirekneskapane.

Lukka hogst – der det står att ein god del skog – er truleg betre enn open hogst. At emballasje og transport frå skog til foredling gjev store karbonutslepp, er argument for meir lokal foredling av tømmer og forretningsmodellar som ikkje avheng av emballasje. Dei kompakte verdikjedene forskarane ser for seg, kan vere godt eigna for skogbruket på Vestlandet, som ikkje er av same skala som på Austlandet.

Huug Home gjennomførte forskinga i samarbeid med NMBU, NTNU og Bjørnafjorden kommune.

*Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune*



ni prosjekta var baserte på tidlegare forprosjekt støtta av RFF Vestland.

Av dei 22 forprosjekta som leverte sluttrapportar i 2021, varsla heile 18 at dei ville gå vidare med eit hovudprosjekt. Det viser at forprosjektmidlane i svært mange tilfelle legg gode grunnlag for meir omfattande forskning.

**FORREGION Vestland** er Vestland fylkeskommune si langsiktige satsing på mobilisering til forskning. Ordninga, som er eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning, skal mobilisere til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grønn konkurransekraft og klimaomstilling i bedrifter gjennom bruk av forskning.

I 2021 bidrog FORREGION Vestland til:

- 11 søknader frå bedrifter om forprosjektmidlar eller kvalifiseringsstøtte frå RFF Vestland eller Forskingsrådet
- 17 søknader frå bedrifter om støtte til større forskingsprosjekt frå RFF Vestland eller Forskingsrådet si ordning Innovasjonsprosjekt i næringslivet (INP)
- Andre initiativ saman med 8 bedrifter

FORREGION Vestland samarbeider også med næringshagar, inkubatorar, næringsklynger, Kapasitetsløft for berekraftig og innovativ sjømatproduksjon (KABIS) og Teknoløftet for å avklare forskingsbehov i næringslivet i Vestland. RFF Vestland og FORREGION Vestland har felles sekretariat og leiing, og frå 2022 har styret for RFF Vestland ansvar for begge ordningane.

## Utlysingar og tildelingar av forskingsmidlar

Utlysingane i 2021 var opne for bedrifter, kommunale organisasjonar og godkjende forskingsorganisasjonar med hovud- eller avdelingskontor i Vestland. RFF Vestland lyser ut og løyver midlar til både forprosjekt, regionale innovasjonsprosjekt i næringsliv og kommunal sektor og regionale samarbeidsprosjekt for forskingsorganisasjonar.

### Hovudutlysinga

På grunn av omlegging av fondsstruktur og innføring av ny styringsmodell for RFF Vestland, vart det ikkje løyvd hovudprosjektmidlar i 2020. Slike midlar for 2021 vart utlyst med søknadsfrist i desember 2020.


## Korleis kan eksisterande bygg bli meir berekraftige?

Det vil Proptech Innovation, ei næringsklynge innan eigedomsteknologi, finne svar på i samarbeid med forskingsinstituttet NORCE og Stacc X AS. I 2021 ga RFF Vestland 1,5 millionar i støtte til forskinga.

Tradisjonelt har miljø- og klimaforbetring av eksisterande bygg fokusert på byggtkniske faktorar som t.d. isolasjonsverdi. No vil forskarane også sjå på effektane av andre tiltak: Bruk av moderne teknologi til automatisering og styring av inneklima og temperatur. Utvida kapasitet til elbil-lading og sykkelparkering. Åtferdsendringar som aukar kapasitetsutnyttinga i bygget. Planar for gjenbruk av materiale ved riving.

Målet er å skape ein heilskapleg modell for å identifisere tiltak og oppgraderingar med god klimaeffekt for det enkelte bygg. Det blir laga eit digitalt verktøy som senker terskelen for berekraftsanalyse av bygg, og som gjer det lettare å samanlikne klimaprofilen til ulike bygg. Forskinga kan bidra til auka energitnytting og gi lågare klimaavtrykk i eigedomsnæringa. Dessutan kan byggeigarar få eit nyttig verktøy i arbeidet med miljøsertifisering, som truleg kjem til å få auka innverknad på deira finansielle rammevilkår.

*Illustrasjonsfoto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune*



Utlysinga var avgrensa til to tema:

*Klimaomstilling og grønt skifte og Samfunnstryggleik og beredskap.* Det kom totalt ni søknader. Det kom få søknader innan *Samfunnstryggleik og beredskap*, og ingen av dei nådde opp i konkurransen om midlar. (Sjå vedlegg 2 for oversikt over hovudprosjekta som fekk midlar.)

Fem hovudprosjekt fekk totalt 12,6 millionar kroner. Hovudprosjekta som fekk støtte handlar om klimaomstilling og grønt skifte, og

tar etter opp viktige samfunnsutfordringar i Vestland fylke.

To av prosjekta var regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet og eitt i kommunal sektor. To var regionale samarbeidsprosjekt.

Eit samarbeidsprosjekt er leia av ein forskingsorganisasjon og skal utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som kommunane og/eller næringslivet i Vestland treng for å møte viktige samfunnsutfordringar. I slike prosjekt var det i 2021 krav om samarbeid med minst ein kommune eller ei bedrift i Vestland som kan vere med som partner i eit påfølgjande hovudprosjekt.

Det er positivt at fleire forskingsorganisasjonar utviklar forskingsprosjekt og delta aktivt i forskning som har ein tydeleg relasjon til sentrale utfordringar og moglegheiter i Vestland.

Fondet kunne samtidig ønske seg fleire søknader, spesielt frå kommunal sektor.

#### **Forprosjektutlysinga**

RFF Vestland hadde laupande behandling av søknader om forprosjektmidlar i samband med styremøta. Slike midlar vert gitt til innleiande forskingsarbeid for å vidareutvikle gode idear til gode forskings- og utviklingsprosjekt som kan kvalifisere til vidare støtte frå relevante ordningar. Det er positivt på at RFF Vestland i 2021 fekk mange søknader om forprosjektmidlar, til saman 57 søknader. Fondet måtte avvise ti søknader på grunn av formelle feil, og det vil i 2022 bli lagt vekt på tiltak for å få ned dette talet.

Fondet innvilga støtte på totalt 11 millionar kroner til 25 ulike forprosjekt. Det betyr at 56 prosent av søknadene utan formelle feil vart innvilga. Andelen er noko lågare enn i 2020 (64 %), men det er like fullt fondet si vurdering at ordninga fungerer etter intensjonen som eit lågterskeltiltak med god moglegheit for å få tilslag. (Sjå vedlegg 1 for oversikt over forprosjekta som fekk midlar.)

### **Korleis lagar vi kommunale klimabudsjett i tråd med Parisavtalen?**

Gjennom Parisavtalen skal Noreg bidra til å halde global oppvarming godt under 2°C samanlikna med førindustriell tid – og helst under 1,5°C. Då må norske kommunar og regionar kutte utslepp av klimagassar lokalt på ein måte som både monnar og som opplevast som rettferdig av innbyggjarane.

I 2021 løyvde RFF Vestlandet tre millionar kroner til forskingsprosjektet Klimabudsjett 2.0, som skal utvikle lokale klimabudsjett i tråd med ambisjonane frå Paris. Forskarane skal mellom anna finne effektive og målbare tiltak på lokalt nivå som kan sikre overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Forskinga blir eit samarbeid mellom prosjektleiar Vestlandsforskning, Universitetet i Bergen, Vestland fylkeskommune og kommunane Sogndal og Asker. Verktøya frå prosjektet vert tilgjengelige for andre fylke og kommunar og kan bidra til styrking av lokalt klimaarbeid over heile landet.

*Foto av Arna vidaregåande skule med solcellepanel på taket: Vestland fylkeskommune*



## Resultatrapportering

Dei 22 forprosjekta som leverte sluttrapportar i 2021 etter fullført forskning, hadde i all hovudsak oppnådd oppsette mål og delmål i

prosjekta. Over 70 % (16 prosjekt) meinte at prosjektet hadde gitt tettare samarbeid med eksisterande partnerar innan forskning og næringsliv. Eit fleirtal rapporterte dessutan at prosjektet hadde ført til nye og viktige samarbeidspartnarar innan forskning, næringsliv eller kommunal sektor.

Av dei ni hovudprosjekta som leverte sluttrapport i 2021 etter fullført forskning, hadde åtte nådd hovudmålet med forskinga, mens sju hadde nådd alle delmål. Seks av prosjekta meldte at dei hadde fått nye, viktige samarbeidspartnarar gjennom forskingsprosjektet, og fem hadde planar om å søke om nye forskingsmidlar. Med tanke på at forskning alltid inneber risiko for at du ikkje får dei funna du ønskjer, er dette særst gode resultat.

Samla fekk RFF Vestland 44 framdrifts- eller sluttrapportar frå aktive eller nyleg avslutta forprosjekt og hovudprosjekt i 2021. Dette er nokre av dei viktigaste resultatane:

### Resultat frå prosjekt støtta av RFF Vestland

Nye/forbetra produkt/tenester	34
Nye/forbetra prosessar	57
Søkte patent	9
Ny verksemd/nye føretak	3
Nye forretningsområde	8
Forbetra metode/teknologi	31
Nye/forbetra arbeidsprosessar/forretningsmodellar	41

## Økonomi

Tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til RFF Vestland i 2021 var på 18,9 millionar kroner.

<b>Inntekter</b>	
Løyving frå KD	18 899 000
Renteinntekter	480 682
<b>Sum inntekter</b>	<b>19 379 682</b>
<b>Utgifter</b>	
Utgifter administrasjon/styre	1 781 414
Utbetalt støtte forskingsprosjekt	23 087 939
<b>Sum utgifter</b>	<b>24 869 353</b>

<b>Sum eignedelar per 01.01</b>	<b>32 185 080</b>
Inntekter; løyving KD + renter	19 379 682
Kostnader; støtte til prosjekt og administrasjon/styre	24 869 353
<b>Sum eignedelar per 31.12</b>	<b>26 695 409</b>



## Vedlegg 1: Oversikt over innvilga forprosjekt i 2021

Prosjekt	Prosjektansvarleg	Støttebeløp
Qualification of process for direct electrochemical removal of ammonia in Recirculated Aquaculture Systems (RAS)	ALLIANSE INNOVASJON AS	500 000
TiO <sub>2</sub> -CNF: A nanocomposite for fast-charging Li-ion batteries	TioTech AS	500 000
Rask innfrysing av fisk, med lavt energiforbruk, vha innovative kuldemaskiner med høy ytelse ved ultralave temperaturer	ENERIN AS	500 000
Optimalisering av kvalitet hos kveite	Sogn Aqua AS	500 000
Mineral quantification with advanced imaging and processing	ARCTIC MINERAL RESOURCES AS	500 000
Søknad, overvåking og kontroll med utslipp fra landbasert akvakultur	NORSK INSTITUTT FOR VANNFORSKNING	400 000
Identifisere påvirkning på totale miljøutslipp/maritim logistikk når avfallsbehandling gjennomføres om bord på et offshorefartøy	Ferdocean Shipping AS, avd Bergen	500 000
Høytrykks roterende PEM elektrolyser	ELEMENT ONE ENERGY AS	500 000
Prosessering av insektprotein	INVERTAPRO AS	500 000
Fjernarbeid og muligheter for lokal/regional utvikling	NORCE Samfunn/Helse VESTLAND	500 000
Utvikling av nytt konsept for helse- og velferdsovervåking – utvendig sensorpakke for laks i oppdrett	SITEP AS	500 000
Tenester til einsleige mindreårige flyktningar ved familiegjenforening	KINN UTDANNINGS- OG RESSURS-SENTER KF	490 000
PCM som støtte i termisk styring av batterier	CORVUS ENERGY AS	494 000
Miljøvennlig bekjempelse av skadelige mikroalger i sjøvann	SEAGUARD AS	500 000
ROBUST- økt velferd og funksjonalitet hos rognkjeks (Cyclopterus lumpus) ved bruk av naturlig skjul.	QUANTIDOC AS	339 000
Biobased Outdoor Playground Flooring	BIOREGION INSTITUTE AS	500 000
Digital tvilling for alger med gjenbruk i annen prosessindustri	SITEP AS	500 000
Pre-project for the development of X10 electric seaplane	ELFLY AS	500 000
Nedstrømsprosjektet i Bulandet	BULANDET MILJØFISK AS	500 000
Strategier og tiltak i distriktskommuner og påvirkning på unges valg om å etablere seg i bygdene	NORCE Helse	459 000
Waste to Energy	Prototech AS	500 000
Måling og analyse av helsetilstand til litiumbatterier	NORCE Teknologi/Energi VESTLAND	500 000
Samfunnssikkerhet under pandemi (SUP): Drift av grunnleggende og lovpålagte oppgaver innen beredskap og utdanning under Covid-19 pandemien?	HELSE BERGEN HF	500 000
Kombinert produksjon av konsumrogn og matfisk av ørret etter ett år i sjø. Del 1: Hurtig produksjon av stor smolt og kort produksjon i sjø	SVANØY HAVBRUK AS	500 000
Kvantitativ NMR analyse av mikroplast i vann, jordsmonn og sediment	NUI AS	405 000
<b>SUM</b>		<b>12 087 000</b>

## Vedlegg 2: Oversikt over innvilga hovudprosjekt i 2021

Prosjekt	Prosjektansvarleg	Støttebeløp
UniS4Vest: The role of universities for sustainable smart specialisation in Vestland	HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	2 995 000
Bærekraft i bygg – plattform for skåring, sammenlikning og identifikasjon av tiltak målbart gir forbedring	PROPTECH INNOVATION	1 500 000
Klimabudsjett 2.0	STIFTINGA VESTLANDSFORSKING	3 000 000
Indikatorer for klimatilpasning av bygninger og infrastruktur i kommuner	OSTERØY KOMMUNE	3 000 000
Optimal råstoffbehandling for bedre sluttprodukt innan bioraffinering av restråstoff frå laks – OptiLaks	BIOMEGA NORWAY AS	2 124 000
<b>SUM</b>		<b>12 619 000</b>



[www.regionaleforskningsfond.no/vestland](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestland)